

Styremøte i SFSG på Skei

5.02.2015

Til stades:

Ragnhild Sæle

Lars Nesse

Jo Risløv

Odd- Jarle Øvreås

Lene Engvik Rasch

1/15 Kva har styremedlemmane delteke på sidan sist:

Ragnhild:

22.-23. 11.14 – Geitehelg

25.11.14- Møte i Gjetarhundnemnda

03.12.14 – Møte på rådhuset i Førde «Arbeidsgruppa for koordinering av ulvejakt»

04.12.14 - Møte i Naustdal med Tv2

05.12.14 – Møte med Sogn og Fjordane SP

11.12.14 – Møte med Sogn og Fjordane Bondelag

15.12.14 – Møte i kontaktutvalet for rovdyr

08.01.15 – Møte i høve organiseringa av ulvejakta

09.01-10.01.15 Småfesamling

15.01.15 – Evaluering jaktorganisering – vegen vidare

20.01.15 – Møte i Hyen – jaktorganisering

Lene:

22.-23.11.14 -Geitehelg

Lars:

22.-23.11.14 – Geitehelg

kontaktutvalet 15/12.

09.01-10.01.15 Småfesamling

Jo:

22.-23.11.14 -Geitehelg

Odd- Jarle:

20.11 Møte i Nortura

09.01-10.01.15 Småfesamling

2/15 Årsmøte 28.02.15 – praktisk gjennomføring m.m

Me sette opp program for årsmøtedagen, og gjekk igjennom invitasjonslista. Sjå invitasjon til årsmøte for detaljar.

3/15 «Fagdag» 1.mars – program

Me sette opp program for fagdagen. Sjå invitasjon til årsmøte for detaljar.

4/15 Resultat og balanse pr. 31.12.14

Me har gått igjennom rekneskapet, og Jo tek kontakt med Mirjam om nokre detaljar.

5/15 Budsjet 2015

Me sette opp førebels budsjett for 2015.

6/15 Arbeidsplan 2015

Laga førebels utkast til arbeidsplan. Dette kjem opp på årsmøtet.

7/15 Årsmelding 2014 – korleis går arbeidet?

Gjekk igjennom det som har kome inn så langt, fordelte det som sto att. Er i ganske god rute.

8/15 Innspel til jordbrukstingingane

Gjekk igjennom alt som har kome inn av innspel, og gjorde nokre endringar i høve til det. Denne blir lagt ut på heimesida, og sendt til NSG, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, og lokallaga.

9/15 Revisjon av lagslovene

Ragnhild Sæle sa seg ugild i denne saka. Gjekk i gjennom forslaga om endringar i høve til revisjonsutkastet. Lars skriv eit forslag som skal sendast NSG.

10/15 Ymse

-Samanslåing Bygstad/ Sande

Bygstad Sau og Geit og Sande Sau og Geit vedtok på årsmøta sine samanslåing, og eit interimstyre blei oppretta. Dei lurte på kva for rapportering fylkeslaget ynskte. Vedtak: Me må få inn årsmelding frå begge lag, samt årsmøtereferat. Dei møter på årsmøte med utsendingar frå kvart lag. Dei må og sende ein "søknad" til styret i SFSG slik at formalitetane er i orden, i følge vedtektene. Lene sender svar.

-Invitasjon til årsmøte i Bondelaget: Kven kan delta? Dette ser styremedlemmane på etter møtet og gjer attendemelding til Ragnhild.

-Gjetarhund: Etterspørre årsmøte, purre på årsmelding

-Spørsmål frå Norges Husflidslag: Dei har storsatsing på ull framover, og de ulike fylkes- og lokallag er oppmoda å jobbe med same tema. Dei kunne tenkje seg et samarbeid med andre organisasjonar for et større arrangement under ullveka, som på vestlandet blir frå 25.september. Odd-Jarle tek kontakt for meir info, tek det opp på neste møte.

-Mirjam Friberg har sagt opp regnskapsføringa. Me jobbar med å få plass ein ny. Lene svarar ho.

Ref. Lene engvik Rasch

-sign-